



U N I V E R S I T E T E T I B E R G E N

Det juridiske fakultet

Deling av masterstudiet i rettsvitenskap i ein bachelorgrad og ein mastergrad

Allmøte 5. januar 2015

Ernst Nordtveit

Prosjektgruppe til å vurdere innføring av 3+2 ordning

- Samansetjing
 - Ernst Nordtveit, leiar
 - Johanne Spjelkavik, koordinator
 - Hans Fredrik Marthinussen
 - Ragna Aarli
 - Magne Strandberg
 - Ingrid Margrethe Halvorsen Barlund
 - Nathalie Gaulier
 - Nina Østensen
 - Christine Stoltz Olsvik
 - Christine Schjerven
 - Lise Stranden
- Vidt mandat “alle forhold knyttet til rettsstudiet, med sikte på å utvikle et fremtidsrettet studium med styrket kvalitet”.
- Ein eventuell ny studiemodell skal kunne iverksetjast frå og med hausten 2016
- Innstilling i løpet av januar 2015

Litt om arbeidet

- 12 møte
- Diskusjon om grunnleggjande problemstillingar
 - Samfunnsoppdraget
 - Struktur
 - Faginnhald, pedagogisk opplegg, nivå, metodeopplæring m.v.
 - Praktiske og formelle verknader av ei deling. Strategiske omsyn
- Vanskelege diskusjonar. Har arbeidd oss fram til konsensus på dei fleste punkt.
- Ikkje ferdige. Opne for innspel
- Delinnstilling om struktur. Ein vesentleg del av det faglege utviklingsarbeidet gjenstår. Her må heile fagmiljøet involverast.

Bakgrunn for arbeidet

- Europeisk studiemodell (Bologna-prosessen 1999). Etablering av eit felles europeisk gradssystem, sams kvalitetsmål m.m. Bachelorgrad (3 år), mastergrad (2 år) og doktorgrad (3 år). ECTS-systemet.
- Rettsstudiet fekk i Noreg, saman med odontologi, ei unnataksordning med høve til å innføra ein “integrert 5-årig master” (mastergradsforskrifta § 4). (Om dette er i samsvar med Bologna-avtalen har vi ikkje undersøkt, men legg det til grunn).
- Dei tre universiteta som hadde juristutdanning nytta dette unnataket.
- Omsynet til å unngå krav om eiga bacheloroppgåve (og til dels skepsis mot 30 studiepoengs masteroppgåve) var hovudgrunngevinga for dette ved UiB.
- Seinare har andre institusjonar etablert bachelorgrader, slik at det nå vert utdanna bortimot 300 bachelor-kandidater i jus kvart år, utanom dei universiteta som har mastergrad.

Kva vil ei deling av studiet i to grader innebera?

- To sjølvstendige grader
- Samordna opptak vil skje til bachelorgraden
- Eige opptak til mastergraden etter fullført bachelorgrad
- Kvalitativt skilje mellom bachelor og master?
Kvalifikasjonsrammeverket. Strengare krav til master.
- Spørsmål om opptakskrav til masterdelen.
Konkurransesituasjonen mellom eigne studentar og studentar frå andre institusjonar.
- Krav til utanlandsopphald og skriftleg oppgåve på bachelordelen

Faglege og pedagogiske grunnar til ei omlegging

- Korleis utdanna juristar som er rusta til å møte morgondagens utfordringar?
- Rettsstudiet har utvikla seg, men heng ennå igjen i ein del tradisjonsprega strukturar som ikkje er tilstrekkeleg tilpassa nåtida og framtida
- Rettsutviklinga og samfunnsutviklinga krev ei anna tilnærming til det å gjera unge menneske om til juristar
- Pedagogiske forskingsresultat viser andre måtar å tilnærma seg oppgåva på som vi må ta inn over oss

Utfordringa: Skapa eit framtidsretta studium

- Rettens eksplosive vekst
- Store og viktige rettsområde er ikkje dekkja, eller berre overflatisk dekkja, i jusstudiet (f. eks. immaterialrett, marknadsrett, miljørett, selskapsrett).
- Globalisering og internasjonalisering av retten skaper nye utfordringar
- Raske samfunnsmessige endringar, globalisering og internasjonalisering på alle område, skaper nye rettslege problemstillingar.
- Den nasjonale og internasjonale regelproduksjonen skjer stadig raskare. Positiv kunnskap om rettsreglar blir raskt forelda.
- Dagens studentar skal løysa rettslege problem vi i dag ikkje kjenner
- Kompetanse i å møte endringar blir viktigare enn kunnskap om retten slik den er nett no.

Krav til ei framtidig studieordning

- Studentane må ha oversikt over rettssystemet og korleis det utviklar seg
- Kunnskap om grunnleggjande prinsipp og element i rettssystemet
- Verdiorientering. Etikk, samfunnsmessige verknader.
- Trening i sjølvstendig og kritisk tilnærming til rettsspørsmål.
- Utopisk tanke at dei skal “kunne alt,” til og med innanfor viktige fag. Juridisk argumentasjon og kjeldebruk viktig.
- Unødvendig at alle kan det same. Hvis alle går i same sporet er det mange spor som ikkje blir gått opp.
- Vitskapleg utvikling krev at juristar har grunnlag for å kommunisera med andre vitskapar (økonomi, psykiatri, naturvitskap osv.)
- Grunnleggjande kunnskap om rettssystemet (bachelorgraden) i kombinasjon med djuptgåande studier (masterdelen) innanfor ulike fagretningar framstår som løysinga.

Spesialisering og allmennkunnskap

- Vi må gje alle med bachelor og mastergrad tilstrekkeleg brei kompetanse til at dei skal kunne fungera som juristar på alle område i samfunnet.
- Breiddekunnskapen må dei få på bakgrunn av eit bachelorstudium som gjev alle ein nokså lik basiskunnskap og ferdigheter.
- Konsentrasjon om visse emne på masterdelen er naudsynt for å kunne foreta djuptgåande studier og forstå samanhengar og djuptstrukturar innanfor rettsreglane innanfor eit område.
- Eit djupdykk innanfor eit område, vil gje ein kvalitativt annan kompetanse enn breiddestudier innanfor fleire område. Gjev også ein generell kompetanse.
- Gjer det mogeleg å utdanna kandidatar med djuptgåande kunnskapar innan alle sentrale rettsområde. Samfunnsmessig viktig og konkurransemessig fortrinn i arbeidsmarknaden
- Større potensiale for forskingsbasert utdanning

Nokre særlege spørsmål

- Strukturering av bachelorgraden både som ein byggestein i juristutdanninga og som eit sjølvstendig studium
- Faglege kombinasjonar på grunnlag av ein bachelorgrad
- Opptaksordninga for masterstudiet
- Organisering av utanlandsopphald og utdanningstilbod for utvekslingsstudentar
- Krav om ein viss andel engelskspråkleg utdanning for alle
- Overgang: Dei som er inne i studiet må avslutta det etter gamal ordning. Inga overgangsordning, men det vil måtte bli eit tilbod til studentar som er forseinka i studieprogresjonen etter gamal ordning.

Utviklingspotensiale med ny ordning

- Nye fag og fagsamansetjingar meir tilpassa utviklinga
- Kan gje grunnlag for meir forskning og forskingsbasert utvikling og sterkare interessedriveren læringsprosess
- Større breidde og variasjon i kunnskapshorisonten hos juristar. Samfunnsmessig viktig, men kan også gje den einskilde eit meir interessant liv og yrkeskarriere
- Kombinasjon med spesialiserte mastergrader i utlandet (EU-rett, sjørett, m.m.) Førebuing for ein internasjonal arbeidsmarknad
- Forskarline
- Frykta for at folk med bachelorgrad skal overfløyma arbeidsmarknaden er mildt sagt overdriven

Nokre (men ikkje alle) sentrale spørsmål

- Kva fag må alle juristar ha kunnskap om - og på kva nivå? (Bachelordelen)
- Korleis bør faga strukturerast - er det rom for utvikling av nye fag som går på tvers av eksisterande fag?
- Korleis skal metodeundervisinga strukturerast og plasserast på studiet?
- Kva omfang bør "perspektivfag" som rettshistore, rettsøkonomi, retts sosiologi mm ha og korleis kan det integrerast i metodeundervising?
- Kva grad av spesialisering bør ein ha på masterdelen? Korleis skal ein unngå at visse populære fag blir for dominerande?

Grunnstruktur for ei ny studieordning. Masterdelen

60 studiepoeng fagleg linjefordjuping (2 semester)	30 studiepoeng Særemne	30 studiepoeng masteroppgave
A: Strafferett , straffeprosess m.v.	Døme:	
B: Offentleg styring. (Forvaltingsrett)	Marknads- og konkurranserett	
C: Formuerett.	Fast eigedoms rettshøve	
D: Internasjonal rett og EU-rett	Miljø, energi og klima	
	Etc.	

Bachelorgrad 1. år

Innføring i rettsstudiet (tilsvarer i hovedsak ex.fac.) Rettssystemet, Rettskilder 10	Skadebot og restitusjon ved økonomisk tap 15
Statsforfatningsrett og menneskerettigheter 10	Strafferett 15
EU-/EØS-rett 10	

Bachelorgrad 2. år

Kontraktsinngåelse og kontraktsgjennomføring.
Kravsrettigheter
25

Forvaltningsrett og velferdsrett 20 sp

Rettigheter til økonomiske goder 15 sp

Bachelorgrad 3. år

Komparativ rett og rettshistorie 10	Rettslig argumentasjon og beslutning. Argumentasjonslære, økonomisk analyse av retten, handtering av resultat fra andre vitenskaper, 10
Rettsfilosofi (ex phil) 10	Sammenslutningsrett 10
Valgfag 10	Rettergang 10

Samleoversikt Bachelordelen

1. studieår	2. studieår	3. studieår
EXFAC Juridisk innføring 10	JUS221 Kontraktsinngåelse og kontraktsgjennomføring. Kravsrettigheter. 25	JUS231 Komparativ rett og rettshistorie 10
JUS211 Konstitusjonell rett og menneskerettigheter 10		EXPHIL Rettsfilosofi 10
JUS212 EU- og EØS-rett 10	JUS222 Forvaltningsrett og velferdsrett 20	JUS2** Valgfag
JUS213 Kompensasjon for økonomisk tap 15		JUS234 Rettslig argumentasjon og beslutning 10
JUS214 Strafferett 15	JUS223 Rettigheter til økonomiske goder 15	JUS235 Sammenslutningsrett 10
		JUS236 Sivilprosess 10

Pedagogiske og utdanningsmessige grep

- Komiteen gjer framlegg om ulike tiltak for å styrkja nivået på studiet
- Parallele kurs i fleire av semestera. Fleksibilitet.
- Litteraturkravet må endrast. Sidetalsgrensa må hevast og det må stillast langt større krav til studentane på slutten av studiet enn i starten.
- På masterdelen må studiet leggjast om i retning av meir sjølvstendig arbeid. Involvering i forking. Sjølvstendige litteratur- og kjeldesøk med sikte på problemløysing.
- Rettsleg argumentsjon (metode) må bli ein langt meir sentral del av faga, med stigande vanskegrad utover i studiet.

Prøvingsformer


- Den skjulte studieplanen
- Avgjerande at ein innfører prøvingsformer som fremjar den studieåtferda som ein ynskjer å oppnå
- Er den utstrakte bruken av praktikumsoppgåver heldig?
- Problemorienterte oppgåver tilpassa studentane sitt nivå på ulike trinn av studiet
- Sjølvstendige oppgåver undervegs. Særleg på masterdelen

Verknader på arbeidsmarknaden

- Vil føra til ei kraftig styrking av mastere frå Bergen på arbeidsmarknaden, så lenge dei søker arbeid innanfor område dei har fokusert på i studiet, til dømes innanfor politi og påtalemynd, offentleg forvaltning, næringslivet og som advokater.
- Bachelorgraden vil gje yrkeskompetanse (sakshandsamarar) og grunnlag for vidare studier
- Liten tvil om at det er ein stor arbeidsmarknad for personar med bachelorgrad i rettsvitskap (sakshandsamarar i offentleg og privat verksemd). Kombinasjonsutdanningar (ingenørfag, helsefag, økonomi etc.)

Bør ein foreta ei deling av studiet?

- Fagleg sett ingenting i vegen for dette. Truleg ein del å oppnå, men ein kan også innføra ny ordning innanfor ramma av ein femårig mastergrad.
- Omsynet til ei avstigingsplattform kan også vera mogeleg innanfor eit femårig program
- Konkurransen om opptakt til mastergrad kan føra til auka karakterpress
- Konkurransen om studentane.
- Strategiske val i høvet til bachelor- og masterutdanning
- Administrative kostnader
- Kva gjer Oslo?



UNIVERSITETET I BERGEN

Det juridiske fakultet